

Normalt sommarbesøk i tysdagskafeen

12.07.2011



I dag har det ikkje vore så mange innom TI-aren som sist tysdag, men det har vore det ein kan kalla normalt sommarbesøk.

43 vaksne og 4 ungar kom denne opningsdagen mot 60 vaksne og 16 for ei veke sidan.

Også denne gongen var vaflane det som var mest etterspurd av det dugnadsdamene hadde å lokka med og dei fekk toppattest både av fastbuande og feriegjester.

Den einaste klaga som vi oppfanga var at veret ikkje tillet utomhusopphald med kaffekoppen, men det kunne ikkje dugnadsdamene gjera noko med!

(Foto: Ola Matti Mathisen)